

Utkast til konsesjonsvilkår for Valle flyplass, Åraksøyne

1. *Konsesjonshavars ansvar*

Sylvknapp (org.nr. 826408812) er konsesjonshavar og er ansvarleg for å drive og inneha Valle flyplass, Åraksøyne i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

2. *Bruk av landingsplassen*

Landingsplassen er til privat bruk og det trengst særskild løyve frå konsesjonshavar for å bruke landingsplassen. Konsesjonshavar skal gjere brukarane av landingsplassen kjende med konsesjonsvilkåra.

Flygingar i samband med forsvars-, politi-, brann-, ambulanse-, søke- og redningsoppdrag er unntatt frå kravet om særskild løyve.

Konsesjonen gjeld eit trafikkomfang på maksimalt 50 flyrøysler per veke, begrensa til 500 flyrøysler i løpet av ein tolv månaders periode. Eit høgare trafikkomfang føreset at konsesjonshavar søker om endra konsesjon.

Konsesjonshavar skal loggføre alle flyrøysler (landingar og avgangar) på landingsplassen. Dato og tidspunkt for flygingane skal framgå av loggen. Luftfartstilsynet kan bestemme at det skal sendast inn trafikkdata for landingsplassen.

Landingsplassen kan brukast til VFR-operasjonar heile året med mindre det blir fastsett operative restriksjonar gjennom ei eventuell teknisk og operativ godkjenning, jf. luftfartslova § 7-11.

Landingsplassen kan berre brukast i dagslys.

3. *Miljøkrav*

Konsesjonshavar er ansvarleg for at det vert utarbeida inn- og utflygingstraséar i samarbeid med lokale styresmakter.

4. *Endring av konsesjonen, varslingsplikt, dispensasjon fra konsesjonsvilkåra*

Konsesjonshavar skal varsle Luftfartstilsynet om fysiske og juridiske endringar som er knytt til landingsplassen eller til landingsplassen sitt nærområde, og om større endringar i bruken. Plikta til å varsle gjeld førebels eller varige endringar av ein slik karakter at det kan ha betydning for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn i luftfartslova § 7-6 første ledd.

Varslinga må skje innan rimeleg tid før endringa er ønska gjennomført, slik at luftfartsstyresmakta kan avgjere om ny konsesjonsbehandling er påkrevd.

Luftfartsstyresmakta kan i særlege tilfelle dispensere frå konsesjonsvilkåra.

5. *Kompetanse til luftfartsstyresmakta*

Luftfartsstyresmakta kan endre konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Luftfartsstyresmakta kan gi pålegg om overtredelsesgebyr til statskassen til den som driv eller innehar landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra under punkt 2 og 3 over.

Konsesjonen kan trekkjast tilbake dersom konsesjonsvilkåra, føresegner i lov eller forskrift som gjelder for konsesjonshavarens verksemd, på ein vesentlig måte ikkje vert overhaldne under utøving av verksemda.

UTKAST